

10.trinn – veke 10 og 11

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **10A**: Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **10B**: Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærer **10C**: Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Du skal kunne kjenne att verkemiddel, tema, budskap og motiv i dikt og sangar. Du skal kunne seie noko om form samt kva som kjenneteikner det lyriske språket.
Engelsk	Du skal kunne forstå sentrale hendingar i amerikansk historie, og kunne bruke denne kunnskapen til å beskrive, forklare og reflektere over korleis historia har påverka samfunnet i USA i dag. Du skal kunne delta i ein fagsamtale der du bruker eit variert ordforråd og uttrykkjer deg med flyt og samanheng.
Matematikk	Du skal kunne løysa kvadratiske likningar og likningar med brøk. Du skal sjå samanhengen mellom likningar og geometriske problem.
KRLE	Du skal kunne fortelje om sentrale trekk ved den katolske og ortodokse kyrkja, og vite kor desse kyrkjene er særleg utbreidde idag.
Samfunnsfag	Du skal ha oversikt over sentrale trekk ved verdas geografi. Du skal ha kjennskap til årsakar og kjenneteikn ved krig og konflikt, og kjenne til dei mest kjende konfliktane etter 1945.
Naturfag	Du skal kunne utforske, forstå og lage teknologiske system som består av ein sendar og ein mottakar.
Tysk	De skal fortelje om ei reise i eit tyskspråkleg land. De skal fortelje om attraksjonar de besøker og opplevingar de har, og bruke mykje presens perfektum. De skal kunne snakke på tysk med god uttale og flyt.
Engelsk fdj.	Du skal kunne hente ut informasjon frå ulike tekstar og medium og bruke informasjonen i eigen tekstproduksjon, samt til munnlege oppgåver.
Arbeidslivsfag	Du skal arbeide aktivt med å utvikle bedrifta fram mot regionsmeisterskapet, og kunne presentere bedrifta di munnleg. Du skal dokumentere arbeidet ditt gjennom logg med tekst, bilete eller video.
Kroppsøving	Du skal øve på å delta aktivt i racketsport, vise god innsats og utvikle eigne ferdigheiter ut frå dine eigne føresetnader. Du skal øve på å vise fair play, samarbeide med andre og bidra til å gjere andre gode.
Musikk	Du skal kunne planleggje og gjennomføre ein øvingsprosess for å lære sjølvvalt instrument/song/dans.
K & H	Du skal kunne tre ei symaskin og klyppe ut delane til bamseoppgåva i rett målestokk.
Olweus	Korslaget og antimobbekampanje.

Diverse	Den Kulturelle Skulesekken (DKS). Denne gongen får me besøk av rockebandet VALP. VALP er eit “alternativt rockeband som blandar eksentriske riff, ville trommegrooves og hardtslåande tekstar med eit energisk liveshow”
	Bokdag på FUS På Frøyland ungdomsskule har me lesing som satsingsområde. Lesing er viktig, og me arbeider målretta for å gi elevane gode leseferdigheiter ved mellom anna å fokusere på meir lesing og leselyst. Me gler oss til ein eigen bokdag for heile skulen i veke 11.
	Dagstur til Sirdal 12.mars Heile trinnet reiser på skidag i veke 11. Me skal køyre buss, og elevane kan anten gå på langrenn eller vere i skitrekket. Å stå slalom kostar pengar (260,- for dagskort og 260,- viss du må leiga ski der oppe), medan langrenn ikkje kostar noko (me satsar på å låne frå Frilager viss me treng langrennski til nokon). Me må betale alt på førehand, så det kjem meir informasjon om dette når det nærmar seg.
	<u>Veke 10</u> Onsdag 4.mars: Den Kulturelle Skulesekken “VALP” for heile skulen (aulaen 2.time). Torsdag 5.mars: Bokdag for heile skulen heile dagen. Eige program.
	<u>Veke 11</u> Engelsk: Munnleg vurdering (fagsamtale i par/grupper) i timane. Tysdag 10 mars: Skriveøkt norsk (lyrikk) 1.og 2.time. NB: Alle (også arb.livsfag) møter klokka 08.15 i dag. Torsdag 12.mars: SKIDAG til Sirdal for heile trinnet.

Heimearbeid veke 10	
Måndag 2	
Tysdag 3	Matematikk: Sjå heimearbeid v.10 på OneNote. Skal gjerast innan torsdag.
Onsdag 4	Norsk: Sjå One Note- heimearbeid v. 10
Torsdag 5	Engelsk: Førebu deg til fagsamtalen neste veke. Du finn oppgåva, vurderingskriterier og praktisk informasjon på OneNote – innhaldsbibliotek – vurdering. Tysk: Jobb heime med reisedialogen. Hugs at de har få tysktimar på skulen desse to vekene.
Fredag 6	Naturfag: Gjer heimearbeid v. 10 på OneNote. KRLE: Fullfør økta om den katolske kyrkja på OneNote. Det er denne økta me har arbeidd med på skulen denne veka.
Heimearbeid veke 11	
Måndag 9	Engelsk: Fagsamtalar i par/grupper i engelsktimane denne veka. Du finn oppgåva, vurderingskriterier og praktisk informasjon på OneNote- innhaldsbibliotek- vurdering.
Tysdag 10	Matematikk: Sjå heimearbeid v.11 på OneNote. Skal gjerast innan torsdag.

	Norsk: Førebu deg til skriveøkt - sjå OneNote heimearbeid v.11.
Onsdag 11	Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v.11 i OneNote.
Torsdag 12	Tysk: Jobb heime med reisedialogen. Hugs at de har få tysktimar på skulen desse to vekene. Matematikk: Sjå heimearbeid v.11 på OneNote.
Fredag 13	Naturfag: Gjer heimearbeid v.11 på OneNote